

Holmedal montessoriskule

Årsmelding for 2015

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Dagny Sagosen Haugsvær, Olga Margrethe Ask Skrede, Liesbeth Fokker, Ank de Jong, Ingvild Søggen, Dona Pursall, Henny Vågane (lærer/kontomedarbeidar), Miriam Torillsdatter Harbo (lærer/ass.), Helga Carlsen (lærer/ass.), Ann-Mari Søreide (lærer/ass) og Mildrid Skaar (vikar). Even Bøthun er engasjert i ein liten timelærarstilling i kunst og handverk. Øyvind Selvik har vore leigd inn som musikk lærar gjennom kulturskulen. Reinholdar: Synnøve Krogenes (Helga Carlsen og Terje Nyhaug har vikariert i sjukefråver)

Styret har vore: Gry Losnegård Hansen, Ann Kristin Ask, Synnøve Rivedal, Gaute Losnegård, Lasse Stenseth, Oddveig Lyngstad (dagleg leiar), Dagny Sagosen Haugsvær (representant for undervisningspersonalet), Henny Vågane (representant for anna personale), Sigrid Losnegård (representant for elevrådet skuleåret 2015/2016), Alf Karstein Rokstad Tveit (vara), Gro Eikebø Stang (vara) Valnemnd: Marianne Furevikstrand og Siv Tønder. Styret har hatt 5 møte i løpet av året og handsama 59 nummererte saker.

Elevtalet var 47 frå januar til juni og 42 frå august til desember.

Skulen har vore delt i to: 1.- 3. trinn utgjorde gruppe 1, 4.-7. trinn gruppe 2. Skulen hadde ei SFO – ordning fram til sommarferien samt ei veke før skulestart. Frå hausten har vi tilbydd leksehjelp for elevar i 1. – 4. trinn kvar dag etter skuletid. 11 elevar deltar i denne ordninga; dei fleste ikkje kvar dag.

Alle fast tilsette lærarar har tilleggsutdanning i montessoripedagogikk. To lærarar har fullført tilleggsutdanning for 9 – 12 år i løpet av hausten 2015. Den eine av desse har frå før av utdanning for 6 – 9 år. To av lærarane har tatt vidareutdanning i ordninga «Kompetanse for kvalitet» (Udir) hausten 2015. Den eine var ferdig i desember, den andre er ferdig våren 2016. Skulen har fått vikarmidlar frå Udir for desse to.

Skulen har elles arrangert open skule (for foreldre og elevar), open dag for nye søkjarar i januar, dugnad i mai, 10 års - jubileum i juni, foreldremøte i september, dugnad i september, utviklingssamtaler vår og haust. Det er gjort omfattande vedlikehaldsarbeid på skulebygga. Taket er skifta og fasaden på nyebygget er måla. Ei gruppe frå staben og elevrådet held saman med styret framleis på med arbeidet med ein plan for skulen sitt uteområde. Ballbingen er overført til Holmedal Vel og dekket er skifta. Hønsehuset blir endra til leikehytte, og ferdigstilt så snart som råd.

31.03.2016

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gry Losnegård Hansen

Gry Losnegård Hansen, leiar

Oddveig Lyngstad

Gaute Losnegård

Ann Kristin Ask
Synnøve Rivedal
Lasse Stenseth